

Møtebok

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/2351-50	
DATO	12 MARS 2003
AN 501V	EKSP.

Saksnr.	Utval:	Møtedato
006/03	Austrheim Næring- og miljøkomite	06.02.03
011/03	Austrheim kommunestyre	26.02.03

Høyrings sak - Endring i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven

Dokument i saka:

- I Høyrings sak - Endring i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven Olje og energidepartementet
- Ø Brev m/notat frå KS til kommunane
- S Høyrings sak - Endring i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Uttale frå Austrheim kommune.

Austrheim kommune krev at det vert sett ned eit breitt samansett lovutval med representantar frå alle berørte partar som greier ut aktuelle alternativ og konsekvensar av alle aktuelle løysingar i saka. Deretter vert utvalet sitt arbeid og konklusjonar sendt på høyring saman med framlegget til nye reglar vedkommande hjemfall.

Behandling i Austrheim Næring- og miljøkomite 06.02.2003:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

Tilråding i Austrheim Næring- og miljøkomite - 06.02.2003:

Uttale frå Austrheim kommune.

Austrheim kommune krev at det vert sett ned eit breitt samansett lovutval med representantar frå alle berørte partar som greier ut aktuelle alternativ og konsekvensar av alle aktuelle løysingar i saka. Deretter vert utvalet sitt arbeid og konklusjonar sendt på høyring saman med framlegget til nye reglar vedkommande hjemfall.

Saksordførar i kommunestyret: Ole Lysø

Behandling i Austrheim kommunestyre 26.02.2003:

Austrheim Næring- og miljøkomite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Austrheim kommunestyre - 26.02.2003:

Austrheim kommune krev at det vert sett ned eit breitt samansett lovutval med representantar frå alle berørte partar som greier ut aktuelle alternativ og konsekvensar av alle aktuelle løysingar i saka. Deretter vert utvalet sitt arbeid og konklusjonar sendt på høyring saman med framlegget til nye reglar vedkommande hjemfall.

Særutskrift til partar i saka:

Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378, Vika 0114 OSLO
Olje og energidepartementet Postboks 8148 Dep 0033 OSLO

Dato: 10.03.03

Sign: *A. Lerøy*

1. Saka gjeld:

Olje og energidepartementet sitt høyringsutkast vedkommande endringar i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven

2. Saksopplysingar:

Austrheim kommune har motteke kopi av høyringsutkastet saman med brev og notat frå KS vedkommande same sak.
Høyringsfrist er 28.2.03

2. Vurdering.

KS har som kommunane sin formelle høyringsinstans utarbeida notat og brev med merknader til framlegget. JF vedlegg.

Ks peikar i sine merknader særleg på at høyringsutkastet manglar vurderingar av alternativ og konsekvensar og at dette fører til at høyringsinstansane ikkje får tilstrekkelege informasjon for sine vurderingar. Fråværet av slike vurderingar fører og til at Stortinget ikkje får den informasjonen som er nødvendig for å foreta forsvarleg val.

KS sin konklusjon er å kreve nedsett eit breitt samansett lovutval for å utgreie alle aktuelle alternativ og konsekvensane av desse.

Austrheim kommune er ikkje formell høyringsinstans, men sidan saka har avgjerande betydning for den framtidige forvaltninga av energi- og vassdragsressusane i Noreg, tilrår rådmannen at kommunen tek opp saka og sluttar seg til KS sine merknader og framlegg.

4. Konklusjon:

Austrheim kommune krev at det vert sett ned eit breitt samansett lovutval med representantar frå alle berørte partar som greier ut aktuelle alternativ og konsekvensar av alle aktuelle løysingar i saka. Deretter vert utvalet sitt arbeid og konklusjonar sendt på høyring saman med framlegget til nye reglar vedkommande hjemfall.